

# STYREPROTOKOLL

Onsdag 25. oktober 2023 heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS ekstraordinært styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær rådhus, kantina
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 16.00 – kl. 16.45
<b>STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:</b>	Siv Bente Stople Østbø, Astri Furumo og Ernst Morgan Endresen
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SELSKAPET MØTTE:</b>	dagleg leiar Odd Gunnar Høie
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	rådmann i Tysvær og tidlegare styremedlem i IKA Sigurd Eikje
<b>INNKALLING:</b>	godkjent
<b>SAKSLISTE:</b>	godkjent

## FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

### SAK 21/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 20.09.23

#### Styrehandsaming 25.10.23:

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

#### Samrøystes vedtak 25.10.23 i tråd med innstillinga:

*Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 20.09.23 blir godkjent.*

### SAK 22/23 GODKJENNING AV AJOURFØRT SELSKAPSAVTALE – INTERKOMMUNELT ARKIV ROGALAND (IKA) IKS – 2. GONGS HANDSAMING

#### Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

- Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner oppdatert eigarbrøk og kostnadsfordelingsmodell for IKA IKS, slik det går fram av vedlegg 1.
- Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner oppdatering av selskapsavtalen §§ 5 og 14.3, slik det går fram av vedlegg 2.
- Ajourført selskapsavtale ifølgje punkt 2 ovanfor gis verknad frå og med ny valperiode 2023 - 2027, og budsjettåret 2024.

### **Styrehandsaming 25.10.23**

Styreleiar innleia og gjorde greie for saka. Nestleiar Endresen refererte kort frå teamsmøtet med IKA. Han forklarte at det var viktig for alle eigarkommunane at denne saka blei avklart, av omsyn til kommunane sine budsjett og IKA sine budsjett/økonomiplanar.

Sigurd Eikje kommenterte saka. Han meinte det var viktig at selskapet sitt arkiv blei oppbevart under gode og trygge forhold.

Styret var einige om å gå inn for endringa av selskapsavtalen med IKA IKS. Samstundes var medlemmene opptekne av kost/nyttan av eigarskapet. Styret bad dagleg leiar fremja ei ny sak for styret på nyåret, der det blei gjort ei vurdering av arkivordninga til selskapet, som inkluderer vurdering av eigarskapet i IKA IKS.

### **Samrøystes vedtak 25.10.23 og innstilling til representantskapet:**

- 1. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner oppdatert eigarbrøk og kostnadsfordelingsmodell for IKA IKS, slik det går fram av vedlegg 1.*
- 2. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner oppdatering av selskapsavtalen §§ 5 og 14.3, slik det går fram av vedlegg 2.*
- 3. Ajourført selskapsavtale ifølgje punkt 2 ovanfor gis verknad frå og med ny valperiode 2023 - 2027, og budsjettåret 2024.*

### **Samrøystes vedtak 25.10.23:**

*Styret ber dagleg leiar fremje ei sak for styret om selskapet skal velje ei anna arkivordning enn det HKS IKS har i dag, inkludert ei vurdering av fordelar og ulemper med eigarskapet i IKA.*

## **YMSE**

### Lønnsforhandlingar 2023

Styreleiar orienterte om at ho hadde gjennomført lønnsforhandlingar med dei tilsette same dag. Ho gjorde også greie for resultatet av forhandlingane.

Neste styremøte: onsdag 06.12.23, kl. 16.00.

Møtet vil bli lagt til Haugesund. Styremedlemmer og tilsette vil bli invitert på julemiddag i etterkant av møtet.

Aksdal, 25.10.23

Siv Bente Stople Østbø  
styreleiar

Odd Gunnar Høie  
dagleg leiar